

# **KYRKJEBLADE**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 1

Januar/Februar 1985

39. årgang

### **AVSKIL MED HUSLYDEN STEINNES**



Etter ti år i det vidsveimde Vaksdal prestegjeld, har huslyden Steinnes teke farvel med alle kyrkjelydane, og fått mange godord til takk og farvel. Dette biletet er teke i Vaksdal kyrkja sundag 27.1., den drygaste avskilsdagen, rekna etter både avstand -150 km køyring-, tid, -12-13 timer i eitt-, og strevsam køyring i ruskever både til og frå Nesheim, og til Vaksdal om kvelden. Me takkar alle for tida i Vaksdal, og ynskjer lukka og signing i Tasta kyrkjelyd!

**Redd skilsmisse**

— Barneombudet er den største gisselpost i Norge. Det har ingen som helst innflytelse. Hun som sitter der nå forsøker ikke å skaffe seg innflytelse engang.



**Simon Flem Devold:** — Det barna i dag er redde for er at foreldrene deres skal skille seg.

Jeg ser ikke vitsen med et slikt ombud. Kan de *ha* drive med då? Snakka om at ikke må gi barna ris! Nesten ingen barn går rundt og er redde for å få ris. Det barna i dag er redde for er at foreldrene deres skal skille seg. Det vet jeg. Jeg snakker med så mange barn og det finnes drøssevis av undersøkelsjer som bekrefter dette.

Dernest er barn redde for krig. Men reddest er de for skilsmisse, og det er de redde for helt til de er 20 år. Barn som lider av at foreldrene skiller seg er det største samfunnssproblem vi har i Norge i dag.

— Det finnes vel belegg for at skilsmisser kan være en riktig løsning for mange?

— Det gjør det nok. Men myten om den lykkelige, riktige skilsmisse er noe mediafolk stadig forsøker å skape fordi de lever slik sjøl.

(Journalist Simon Flem Devold, Årets Dagblad-navn, til Dagbladet)

# Efter festen kommer fasten



aste er for en rekke mennesker i vår del av verden et nødvendig onde for å redusere overvekten. Den må til for å holde kroppen sånn noenlunde i form. En av årsakene til dette er at mat som før var beregnet for de helt store festene nå er blitt del av vårt daglige brød.

Derfor faster vi mer enn noensinne. Men dette er en faste som har lite å gjøre med begrepets egentlige betydning. Visst er her elementer både av anger, bot og forsakels.

Jeg angrer en smule på mitt overforbruk og

er villig til å forsake noe av det – for min skyld.

Slik frivillig faste står i skarp kontrast til den tvungne fasten millioner av verdens mennesker lever i til daglig. For dem er ikke fasten et resultat av festen. De har aldri opplevd slike «problemer».

La ikke fasten miste sin opprinnelige betydning. Fastetiden var fra kirkens begynnelse av en forberedelsesperiode. Først og fremst for de nye dåpskandidatene som skulle døpes i påsken, men også i stigende grad for hele menigheten. Det var en forberedelse til å ta del i Kristi lidelse, og til å kjempe og forsake sammen med ham.

Faste er altså ikke en passiv forsakelse av noen «goder» til beste for seg selv, men en aktiv handling i bønn, i ettertanke om Kristi lidelse og i tjeneste for ham. Dette fører oss videre inn i ekte forsakelse og ekte omsorg for vår lidende neste. Tjeneste for Kristus er tjeneste for vår neste. Faste er en handling til Guds ære og til vår nestes gavn.

«Lær oss i denne fastetid å leve i ditt ord, så den onde fiende ikke får makt over oss. Hjelp oss å følge deg i forsakelse og tro, og gi oss kraft til å tjene deg av et helt hjerte.» (Kollektbønn i den Norske Kirke 1. søndag i fasten)

Dag Arne Roum



ST. JOHANNESGUTTENE SOM HADDE SLIK VELLUKKA PÅSKEKONSERT I DALE KYRKJA I FJØR, KJEM TIL VAKSDAL OG HAR KONSERT PALMEA-LAURDAG. SJÅ NÆRARÉ KUNNGJERRING. Vaksdal sokneråd er vertskap, og må be bygdefolket om hjelp til innkvartering, men reknar med at det vil laga seg godt.



— Aldri har vel Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp vore viktigare enn i år. Dei tørkeramma i Afrika treng hjelp i lang tid framover til dei igjen har bygd opp eit nytt livsgrunnlag. I Asia og Latin-Amerika er det og mange som treng hjelp, seier aksjonsleiar Dag Arne Roum.

For 18. gong går Kirkens Nødhjelp ut med appellen: "Brød for verda". Den lilla fastebørsa har vorte varemerke for aksjonen. Mange kyrkjelydar vil i år avslutte aksjonen med ei husstandsinnnsamling. Der dette ikkje har vore råd er eit postgiroinnbetalingskort sendt saman med fastebørsa.

### Mykje å hente

— Ifjor gav Fasteaksjonen knappe sju millionar kroner. Det er ikkje meir enn kr. 1,70 pr. innbyggjar. Frå dei kyrkjelydane der det har vore husstandsinnnsamling veit vi at det er meir å hente. I desse kyrkjelydane har det kome inn mellom 5 og 10 kroner pr. innbyggjar. Dersom alle nordmenn gav like mykje ville Fasteaksjonen nå minst 30 millionar, held Roum fram.

### — Du er optimist?

— Ja, men ikkje utan grunn. Ser vi over grensa til Sverige, gjev Fasteaksjonen der 40 millionar kroner. Dei er fleire enn oss, men eit tilsvarande resultat her ville vere 20 millionar. Og nordmenn brukar å vere meir gjevmilde enn svenskane.

### Kyrkjelydane sitt ansvar

Roum meiner at kyrkjelydslemene har eit dobbelt ansvar i samband med Fasteaksjonen. For det første er det deira ansvar at dei mange millionane som ligg og ventar vert samla inn.

— Men minst like viktig vil det vere å syne at det skjer noko i kyrkja. Fasteaksjonen gjev kyrkjelydane høve til å syne at ein gjer noko konkret for dei som lid nød i verda, seier Dag Arne Roum.

**KIRKENS NØDHJELP**

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3. Tlf. (02) 46 39 70  
Postgironr. 5 2014 05. Bankgironr. 6046.30.09530

## HELSING FRÅ TASTA

Avskilen med Vaksdal er til ende, og me sit i prestebustaden på Tasta og lar tankane gå oppover til dykk. Mange og rike opplevelsingar fekk me med oss. Me vil enda ein gong få takka dykk alle for gäver, helsingar og gilde samlingar i dei ulike kyrkje-lydane.

Litt dramatikk fekk me og med oss før me for. I eksingedalen gjorde snø og vind at me kom for seint både til avskilsgudstenesta på Nesheim og i Vaksdal om kvelden. Det var første gong på dei ti åra i Vaksdal eg har møtt å gå ut av bilen for å vera sikker på kvar vegen gjekk! På vegen nedatt var det berre å gje opp og vente på brøytebil. Det var ei hending mellom mange som fortel at tenesta i Vaksdal kan vera både spanande og krevjande.



Fra Vaksdal kyrkja. Kyrkjekoret var på plass på galleriet, og Fides song fra koret, med litt forsterking fra Dale Ten Sing.



Ei overraskande og hyggeleg oppleving vart det dagen etter at flyttebilen hadde vore der, og vase frå Klubben i Moseshuset møtte opp og gjekk laus på arbeidet som stod att i huset. Samlinga etterpå rundt eit stearinlys i ei tom stové vil me nok og minnast med glede.

\* \* \* \*

TASTA PRESTEGJELD er den delen av Stavanger som ligg mot nord. Det er ein del fleire innbuarar enn i Vaksdal, ca. 7500, men berre ei kyrkje. Det er ei ny arbeidskyrkje med gode arbeidstilhøve. Kyrkja er lett å sjå når ein kjem med ferja over Mekjarvik frå Skudeneshavn. Prestebustaden er det noko verre å finne. Den ligg i rekkehous i Dusavikvegen. Sjølv om storleiken ikkje kan samanliknast med prestebustaden på Dale, så er det god plass for alle som vil koma på



Magne brukte nokre av borna til å gjera Levande Likninga om arbeidarane i vingarden. Og sjølv fekk han ein treskulptur av ein såmann til

vitjing. Me vil sette pris på det. Så nå er me spente på kven som vert den første frå Vaksdal som finn fram. - Det vil seia at den første Vaksdal-vitjing har me alt hatt. Heidi Rongved har vore innom. Ho har tidlegare vore kyrkjelydssekretær her på Tasta.

Mykje er endå ikkje kome på plass i prestebustaden her på Tasta. Det står esker, klær og bøker over alt. Noko av det same føler ein framfor ei ny teneste. Det er nok mykje som endå ikkje er kome på plass. Men dei mange hyggelege menneske me har vore i kontakt med, gjer at me får frimot til å gå laus på den nye tenesta.

Til slutt ynskjer me lukke til med arbeidet i kyrkjelydane i Vaksdal.

Helsing Tursdag Mayen



takk for såmannsarbeidet i Vaksdal

## LYSMESSA I EKSINGEDELEN



KYRKJA ER PROGRAMBUNDET TIL Å GJE ALLE SAME TILBOD KVAR DEI ENN BUR, SO LANGT RÅD ER. I DEI SEINARE ÅRI HAR DET DIFOR VORE JULAFTANSGUDSTENESTA SKIFTESVIS PÅ NESHEIM OG FLATEKVÅL. OG I ÅR HADDE ME DEN FØRSTE LYSMESSA I EKSINGEDELEN. MED DEI SJU ÅRSKONFIRMANTANE I BRODDEN, OG MED HJELP AV NOKRE YNGRE OG ELDRE UNGDOMMAR, FEKK ME EI FIN OG HØGTIDSSAM LYSMESSA; - OG VONLEG ER EIN NY TRADISJON KOMEN TIL DALEN.

## OG PÅ DALE



DALE KYRKJA VAR FULLSETT PÅ LYSMESSA. ATTÅT KONFIRMANTANE VAR DALE BARNEKOR OG UNGDOMSKORET KEY MED OG SKAPTE EI FIN OG FESTLEG LYSMESSA.



## GOODT NYTT TIL 11 ÁRINGANE



Til no har konfirmantane fått utdelt nytestamente ved konfirmantpresentasjonen. -Men no tek me til med utdeling av "Godt Nytt" til 11-åringane. Det er ein del av det sokalla faseprogrammet for dåpsopp-læring, med helsing på dåpsdagen dei tre første åra, "Mi Kyrkjebok" til fire-åringane, og deretter i samarbeid med skulane, -"Vi går i kyrkja" til sjuåringane, og no "Godt nytt" til elleveåringane. I år er det berre utdelt på Dale og Stanghelle, men frå neste år reknar me med at programmet vert gjennomført i alle soknene. På biletet ser me elleveåringane på Dale med Godt Nytt i hendene.

## REKNSKAP FOR KYRKJEBLAADET

INNKOMER	1984	1983
Bladpengar	27370.00	22575.00
Tilskot		250.00
Renta	194.86	203.90
<b>UTLOGER:</b>		
Prenting og porto	26346.95	21050.20
Kasserar	400.00	400.-
Rekvista		317.50
Utstyr		7748.00
	<b>27564.86</b>	<b>26746.95</b>
<b>Underskot i 1983</b>		<b>22928.90</b>
<b>Overskot i 1984</b>		<b>29516.70</b>
		<b>6587.80</b>
		<b>817.91</b>
	<b>27564.86</b>	<b>27564.86</b>
<b>EIGA:</b>	<b>1.1.85</b>	<b>1.1.84</b>
Kasse	367.00	187.00
Postgiro	870.20	504.65
Bank	688.39	460.21
Reservefond	<b>633.30</b>	<b>589.12</b>
	<b>2558.89</b>	<b>1740.98</b>
<b>BALANSE</b>		<b>817.91</b>
	<b>2558.89</b>	<b>2558.89.</b>

**BLADPENGANE** Kasseraren har rådd til at bladpengane vert sette opp til \*\*\*\*\* (minst) kr.35 for året. Både trykking og porto har vorte dyrare, og det er berre so vidt båten ber. Gjer vel og bruk den vedlagde postgirotalongen snarast, og om du kan avsjå litt ekstra, kjem det svært vel med! Det vil glede vår trufaste kasserar ekstra, -og me takkar han for godt arbeid!

## VELLUKKA VINTERTREFF

I år var medlemene i ungdomskora i prestegjeldet innbedne til vinter treffet på Dale 8.-10.februar. Det vart ei fin samling, der folk hadde det triveleg saman, med mykle song, hyggeprogram, bibeltime og gudstenesta. Leiarane hadde nok noko strev, men lite stress, -for det er ei gleda å få vera saman med ein slik ungdomsflokk! På biletet syng treffkoret på gudstenesta i Dale kyrkja.



## EIT PRIVILEGIUM Å STUDERA VED MF



Berit  
Øksnes  
Gjerlov

Før meg kjendest det som eit privilegium å få studera teologi på MF.

Den grundige oppiæringa me får i Guds eige ord, utfordrar på så mange vis.

Det er ikkje altid lett å ta til seg og å verta konfrontert med Bibelen sine grunnansnringar. Men nettopp gjennom denne konfrontasjonen vart eg betre skikka til å koma ut og forkynna om Jesus Kristus. Storparten av oss kjem til å ha arbeidet vårt i kyrkjedalar og skular rundt om i landet. Det er difor ei god investering å støtta MF både ved forbøn og gaver.

Takk til alle dykk som gjer det mogeleg for meg og 600 andre å studera her.

Dei gav soldatane mange pengar og sa - «De skal seia at læresveinane hans kom om natta og stal han medan de sov.» Dei tok imot pengane og gjorde som dei fekk bod om.

OG DETTE RYKTET SPREIDDE SEG BLANT JØDANE OG HAR HALDE SEG TIL DENNE DAG. (Matt. 28,12-15).

Ja, det har det vissleleg. Ryktet har halde seg til denne dag. Og det har spreidd seg like hit til oss. Ryktet om at Jesu oppstode er eit rykte. Ryktet om den naturlege forklaringa.

Anten var det vel læresveinane som stal han eller var han berre skinndød? Eller så gjekk det vel litt rundt for dei overspente venene hans. Og om det så absolutt skulle vere noko ekstra med Jesus etter hans død, så kunne det vel greie seg med ei lita gass-sjel som slapp frå gravopninga og flagra til Gud?

Men at liket skulle få liv. - Nei, det har nok ei naturleg forklaring. Jesus frå Nasaret - ein stor person i verdshistoria - Jesus Christ Superstar levde og døyde. Punktum.

Det fell ikkje vanskeleg å tru dette ryktet. Ryktet om den naturlege forklaringa. All røynsle syner jo at vatn renn nedover. Og ryktet om at det ein dag rann oppover. Nei takk. Det skriv med på overtrua sin rytekonto. Den lekamen som er død, den er død. Stikk vekebladet under reimane på påskesekken. Og nyt nokre velfortonte påskefiradar ilag med gásungar og nykleskka kjklingar.

Framleis let det seg gjere å leva på ryktet. Ryktet om den naturlege forklaringa. Men noter deg at det framleis lever tusen på tusen av menneske som, ilag med underteiknande, lever på noko anna. På overtydinga om at Jesus lever. Og at han fylgjer meg frå eg trør beina ut or senga ein vanleg dag og heilt til kvelden kjem og inn i nattmørket. Ja, han skal ein dag fylgja meg inn i døden sitt mørke og ut på andre sida. For hans død var meir enn hans død. Den var det oppgjert med Gud som ikkje nokon kjem utanom, og som ikkje nokon annan kunne overleva. Men han kunne. Difor er òg den tome grava meir enn eit rykte.

Det finst noko som er meir seigliva enn ryktet om den naturlege forklaringa: Det er sanninga om at Jesus lever. Ho er så seigliva at sjølv døden skal visa seg ikkje å kunna ta knekkjen på ho.

Rykta lever. Men også Jesus lever. Og den som lever med han, overlever. God påske!

Øystein I. Larsen, studentprest, MF



### DET ER STOR GLEDE ...

... på MENIGHETSFAKULTETET over at byggegjelta er nedbetalt. MF greier seg likevel ikkje utan friviljuge gaver for å halde oppe verksemda til teneste for kyrkjelydane.

VER MED og støtt arbeidet på Menighetsfakultetet!

«Ei gáve til Menighetsfakultetet er ei gáve til heile kyrkja.»

Gáver til MF er SKATTEFRIE, og kvittering/vedlegg til frádrag på sjølvmeldinga, vert sendt for alle gáver på kr. 50,- eller meir.

MENIGHETS FAKULTETET

Adresse: Gydas vei 4, 0363 Oslo 3

Postgiro: 5 12 87 80

Bankgiro: 6038.30.18636



## MF TRENG DI STØTTE!

I samband med MF sitt 75-års jubileum hausten 1983, sa formannen i forstandarskapet, biskop Thor With: «Ingen kan forestille seg kristendommens stilling i vårt land og for så vidt også på våre misjonsmarker uten MF.»

Men MF er likevel ikkje nokon sjølsagt ting.

Drifta av MF er heilt avhengig av at alle som ser kor naudsynt MF er, gjev si støtte i form av gáver.

Me vonar på di støtte. Aller helst vonar me at me kan rekna med di gáve, dvs. at du seier deg viljug til å koma ned i den faste gjevarnesta til fakultetet.

Dei som får sin utdanning på MF, går etterpå ut i teneste som prestar, kateketar eller kyrkjeldesarbeidarar i den norske kyrkje, misjonærar, sekretærar i dei kristne organisasjonane, kristendomslærarar i skulen osb. Ei gáve til MF er difor òg ei gáve til alt kristeleg arbeid i landet vårt.

Ver og med å be for arbeidet på MF og om at gávene til fakultetet vert forvalta rett.



Øystein Larsen



## SPEIDING FOR JENTER I SYTTIFEM ÅR



\*I 1985 er det 75 år sidan jente-speidinga starta. I det høvet vil vi som ei av speidargruppene i prestegjeldet gjea lesarane kjende med aktivitetane til Dale KFUK-speidarar.

\*Vi går no inn i det 20. året denne speidargruppa har eksistert. Mange vil vita at det fanst ei speidargruppe på Dale før og med Brita Vassenden som trufast og inspirerande leiar.



\*Nokre av aktivitetane våre skulle vera kjende frå lokalavisa, slike som julebukkaksjonen for UNICEF i januar, og Speidarjobben i september. Dette syner at speidarane tar på seg ansvar for dei som lir naud ute i verda. Speidarane på Dale har også eit fadderbarn i Pakistan som vi sender pengar til. Misjonsarbeidet kjem også inn i denne samanhengen. På Bornas Misjonsdag i februar i fjor hadde speidarane eit innslag med song og opplesing som synte Santalmisjonen sitt arbeid m.a. i Bangladesh. Sidan hadde vi vitjing på misjonsmøtet vårt i mai av barnesekretær Ellen Theis. Ho fortalte og synte lysbilete frå Ecuador. No har vi fått eigen Dale-misjonær, -Grete Øpstebø i Kenya, som vi kjenner eit særleg ansvar for.

\*7.april i fjor var Dale-speidarane vertskap for Bergen krins som hadde ei leiarsamling her. Små og store speidarar og mødrene deira var i aktivitet for å stella til mat og servera dei over 30 leiarane. Samlingsstaden var Kantina, men det vart også tid til handletur til Fabrikkutsal et, ute-aktivitetar og ei samlingsstund i Dale kyrkje, der sokneprest



Steinnes og organist Michelsen var med og gav gjestane ei høgtidssam oppleving. Krinsstyret let vel over at ei så lita gruppe kunne ta på seg eit slikt arrangement og og gjennomføra det på ein så fin måte.

\*17.mai er speidarane med dei fyrste som er ute, med flaggheising ved bautasteinen og Heradshuset, og mor-gonprosesjonen. Etterpå har vi felle-sfrukost i speidarrommet før vi går til gudsteneste.

\*Sumaren er leirtid for speidarane. I 1984 var det krinsleir for over 400 speidarar i Skånevikstrand. Frå Dale var vi tolv i alt. I grunnen var vi fjorten, for Åse Kristin Andersen (Rønhovde) var også med, saman med veslejenta Kristin på tre månader. Ho vart heile leiren sin go' unge. Dessutan hadde Eli Lønne ei



kanadisk speidarjente som gjest nokre dagar før og etter leiren. Vi står i ein internasjonal sammenheng, og det fekk også Siren Rørgård oppleva då ho var på speidarleir i England. Dit skal ho i år også, saman med tolv andre frå Bergen krins. Dei skal vera med på ein leir i høve verds forbundet sitt 75-års jubileum.

\*Speidararbeidet femner om ei mengd med aktivitetar. Sist haust fekk vi vera med på noko nytt. Det var ein "Høst-cup" i fotball som vart arrangert av Bjørgvin krins av Norges Kristelige Ungdomsforbund, for jenter under 14 år. Endå om vi mangla to spelarar på fullt lag, vann vi begge kampane vi spelte. 18.november kunne reisa til Bergen for å ta mot statuet og diplom på Ungdomsforbundet sin familiematiné i foajén i Grieghallen. Denne gongen var foreldre, sysken og besteforeldre og andre med, så Dale-flokk talde over førti.

\*Speidarturane er noko av det gildaste vi har, og i haust reiste vi til Småbrekke. Der hadde vi fjelltur, sporleik og orientering. Om lag alle speidarane i gruppa var med. Det er noko av det fine med arbeidet vårt: At jenter på ulike alderssteg kan vera med i arbeid, leik og moro. Det kjem også fram når vi har vårt årlege karneval i februar. Det er moro både for gymnasistar og småskulejenter å kle seg ut.



\*22.februar er speidarjentene sin spesielle dag, Tenkedagen. Det er ein internasjonal dag som vert feira over heile verda. Det var fødselsdagen til både lord og lady Baden Powell, som starta speidarrørsla. I år skal vi til



Bergen for å feira dagen i lag med dei andre speidarane i krinsen. Fyrst vert det gudsteneste, så fakkeltog og sidan stor jubileumsfest.

\*Det er tjue speidarar i gruppa no, og vi har plass til fleire. Ikkje alle bur på Dale. Vi har, og har hatt, speidarar frå Stanghelle og Stamnes. Med buss og privatbilar er det ikkje umogleg for jenter utanfor Dale å vera med i speidargruppa her.

\*Kvar tysdag frå kl. fem til halv sju har meisene møte. Dei er i alderen 7-10 år. Stifinnarane er frå 11 til 13 år. Dei har møte kvar torsdag frå kl. seks til halv åtte. Møta har vi i det nyoppussa speidarrommet i "Mosheshuset", i Kyrkjegata 5. Dei som er interesserte, kan snakka med gruppeleiaren i tlf. 596 133.

\*Speidararbeidet er et allsidig fritidstilbod som tek omsyn til heile mennesket. Vi legg stor vekt på samarbeid med heimen, og synest det er fint å ha støtte av mødreklubb, både praktisk og økonomisk. Vi vonar at vi kan feira tjueårs-jubileum våren 1986 med ei stor og aktiv speidar gruppe.

Med helsing Reidun Takvam  
- gruppeleiari -



Speidarfest på Vaksdal

## FRISK 100-ÅRING MED OVER 100 GJESTER



DET GJEKK EIN STENDIG STRAUM AV BILAR TIL SEDALEN 8. DESEMBER. OG ANDREAS OG HUSLYDEN HELDT OPPE DEN GODE GAMLE GJESTFRIDOMEN HEIMEN I SEDALEN HAR VORE KJEND FOR. OVER 100 GJESTER VART VEL FAGNA ETTER SOM DEI KOM FOR Å GJERA ÅRA PÅ 100-ÅRINGEN.

DØYPTEDALE

- 09.12 Karianne Kallestad  
Ørjan Brattebø  
Ragnhild Frøyen  
25.12 Elin Merethe Terjesen  
06.01 Odd Inge Thorkildsen  
John Anders Høibakk Frølich  
20.01 Olav Morten Takvam  
Finn Are Maraas  
03.02 Ingunn Brekke  
Ole Andreas Dale

STAMNES

- 26.12 Margot-Helene Rosvold  
20.01 Bjørn Are Stamnes

EIDSLAND

- 23.12 Line Eide Vik  
03.02 Caroline Myster  
Vegard Neset

VAKSDAL.

25.12. Liv Nordmark.

Vigde

- 29.12 Irene Vågenes og  
Arild Martin Hansen  
Vigd i Vinje kyrkje  
05.01 Grete Marit Veka og  
Finn Maraas  
Vigd i Dale kyrkje  
19.01 Jane Wenche Vik og  
Knut Helge Kulshamar  
Vigd i Stamnes kyrkje

AVLIDNEDALE

- 09.11 Hilmar Taule  
24.11 Anton Faugstad  
29.11 Kristine Grøsland  
07.12 Arthur Egil Hjelmeland  
20.12 Unni Stanghelle  
21.12 Sofie Bruvik  
12.01 Georg Larsen

STAMNES

- 19.12 Anna Dyvik  
04.01 Gunvor Eide

NESHEIM

- 04.01 Jon Trefall

BERGSDALEN

- 18.01 Ingebjørg Lid

VAKSDAL

- 24.1. Laurits Skorpen, f.1911.

Papirløst

Vi forlovet oss, sånn uoffisielt.  
Jeg spurte om vi ikke skulle gifte  
oss da vi flyttet inn i leiligheten.

— Gammaldags, ekke inn, sa  
han.

Så flyttet vi inn, alt i en herlig-  
hetens rus. Jeg hadde spart sam-  
men atskillig tusen kroner.

— Det bruker vi til stereo og TV,  
sa han.

— Burde vi ikke først tenke på  
utstyr, sa jeg.

— Ekke for kniplinger, sa han.  
Han likte bedre brennevin. Re-  
sten av penga mine gikk til Bran-  
dy.

Men likevel, det var deilig ro-  
senrødt.

Inntil en morgen ved frokost-  
bordet.

— Ska'ru 'kke fløtte snart, spur-  
te han. Jeg var lamslått.

— Fløtte, spurte jeg, og fikk  
grovbrød i halsen og tårer i øyne-  
ne.

Hør hadde jeg strevd i et halvt  
år med å innrede leiligheten. Mye  
av det som var der var kjøpt for  
mine penger. Men alt var kjøpt i  
hans navn, hans navn stod på alle  
kvitteringer.

— Du skal vel ikke bo her evig,  
sa han.

Jeg hadde trodd det, at vi skulle  
 leve lykkelig i et papirløst ektes-  
kap.

— Akkurat papirløst, sa ad-  
vokaten jeg oppsøkte. — De har  
 ikke et eneste papir, ikke så mye  
 som kvittering på brødfjela de  
kjøpte. Loven kan ikke hjelpe  
 Dem.

Mitt gods har jeg mistet, og mitt  
hjerte har bristet, derfor disse ad-  
varende ord om at det er farlig å  
kaste seg inn i det — papirløst.

(Else i Dagbladet)

retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese,

## VELKOMEN TIL KYRKJE

### 3.mars - 2.s.i faste

BERGSDALEN kl.11.00 Rk. Sønnesyn

Nattverd.Offer Bispedømmerådet.

VAKSDAL KL.18.00. Sønnesyn og misjonsprest O.Torvik.Offer til Muhamedanar misjonen.

### 10.mars - 3.s.i faste

DALE kl.11.00 v/Molde.Offer til Bispedømmerådet.Kyrkjesskyss.

STAMNES KL.11.00 v/Fjose.

Offer til Menighetsfakultetet

### 17.mars - 4.s.i faste

EIDSLAND Kl.11.00 v/Fjose

Familiegudst.Offer Israelsmisj.

EKSINGEDELEN KL:11.00 v/Sønnesyn.

Offer til Det norske misjonsseksjon.

### 24.mars - Maria bodskapsdag

DALE kl.11.00 Familiegudsteneste v/Fjose .Offer Kirkens Nødhjelp.

Innsaml. fastebøsser.Kyrkjesskyss.

VAKSDAL KL 18.00 Fam.gudsteneste

v/Sønnesyn.Offer Kirkens Nødhjelp

Innsamling av fastebøsser.

### 31.mars - Palmesundag

NESHEIM kl.11.30 Familiegudst.

v/Molde.Offer Kirkens Nødhjelp.

STAMNES kl.18.00.Familiegudsteneste

v/Molde.Offer Kirkens Nødhjelp.

## PRESTETENESTA I VAKSDAL.

Etter at sokneprest Steinnes er slutta i Vaksdal, er res. kap. Sønnesyn sett til å styra sokneprestembetet til han tek over i Manger 20.juni. Som res. kap. vil prost Olav Fjose gjera tenesta til dess nye prestar tek over. Fjose vil bu på Voss, men elles ha dei vanlege tenestene her. Av praktiske grunnar vil han ha nokolunde same tenestefordeling som Steinnes har hatt, med at han møter i dei samme sokneråda, og til vanleg tegravferder i Dale sokn. (Elles vil det som tidlegare vera høve til å be om den presten ein helst ynskjer skal ta t.d. gravferder.)

Me er glade for at Fjose ville ta på seg denne tenesta. Han er avhalden og vel kjend i prestegjeldet etter tidlegare vikartenes tenesta her.

### KONTORTIDER

\*\*\*\*\*

Det syner seg at folk sjeldan vender seg til prestene i faste kontortider. Difor bitt me oss ikke til slike. Men Reidun Takvam er på ktr. på Dale torsdag

kl.9-12, og til

vanleg vil prestane vera der kl. 11.30 til 12.30. Ta elles kontakt over telefon for nærmere avtale. Fjose: 512859. Sønnesyn 597088.



### Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrar: Per Einar Sønnesyn

Kasserar : Ragnar Trohjell,

5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13 117.

UTGJEVAR: SOKNERÅDA.

BLADPENGAR KR.35.00 (el.meir!)

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese. Tlf. (05)555045.